



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Høyanger 22.06.2023

Møteprotokoll Høyanger kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 22.06.2023

Møtetid: Kl. 10.00 – 12.30

Møtestad: Kommunestyresalen i Høyanger Rådhus

Til stades: Sturla Bell Fossen, May-Wenche Fossmark, Kari Henny Dale, Sissel Sørebø, Andreas Ester, Lars Petter Amundrud og Rolf Aamot.

Meldt fråfall: Vidar Myren – vara møter, Tonje Førde Systad – vara møter og Torunn Styve – vara kunne ikkje møte.

Fråverande: Kenneth Førde og Frode Merkesvik.

Kopi av protokollen går til: Veronica Vågen, Vidar Myren, Ellinor Austreim, Aud Kjersti, Haugen, Torunn Styve, Tonje Styve, Monica Sunde Tjønnås, Alf Magnar Svartemyr, Ingunn Østerbø, Toril Bjørkum, Geir Sørebø, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, M Ali Kharrat, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok

Innkalling, sakliste og møtebok vart godkjent. Møteboka med innkomne kommentarar tekne med.

Meldingssaker:

014 Soknepresten har ordet

Soknepresten er imponert over arbeidet som vert gjort, og engasjementet til sokneråda, og ikkje minst viljen til å bruke pengar når det trengs. I lys av teksta sist søndag Luk. 14 der det i likninga til Jesus, vert invitert til fest – gjestebod. Her er det plass til alle! Men også teksta komande søndag utfordrar oss – om Jesus og den rike mannen, vi er vel på sett og vis rike alle. Då er det viktig å bruke pengane med omtanke.

015 Tilsette sitt møte med biskop, Vassenden 6.juni

Møtet vart ei god samling for dei tilsette i prostiet i møtet med den nye biskopen, Ragnhild Jepsen. Det vart presentert eksempel frå ulike arbeidsgreiner – satsingsområda til bispedømmet, i prostiet. Frå Høyanger presenterte soknepresten den gledelege utviklinga i høve tal på dåpar i kommunen. Vi set pris på at biskopen startar med å lytte. Dei tilsette opplevde samlinga som nyttig og ynskjer seg gjerne at ei slik samling kan bli arrangert årleg, med eller utan biskopen.

016 Soknerådsvål

Planlegginga av valet er stort sett i rute. Kyrkjeverja fekk ei svært travel periode siste dagane fram til 1.juni, då det synte seg at valmodulen skulle vere ferdig utfyldt. Fristen var

dårleg kommunisert og valstyra (sokneråda) hadde ikkje klar planane for førehandsrøysting.

Det som manglar no er ein presentasjon av kandidatane på vallistene. Soknerådsleiaren blir bedne om hjelp til kontaktinformasjon, så vil kyrkjekontoret sende ut spørsmål til ein enkel presentasjon og spørsmål om eit bilde. Det må lagast ein plan for annonsering. Det er planlagt ei stor fellesannonse i Firda, for fleire kommunane i prostiet. I tillegg må vi ha annonse i Sogn avis.

017 Dugnader på gravplassar / kyrkjegardar / kyrkjer

Det er positivt at ein får gjort mykje godt vedlikehald på desse dugnadane. Det var stort sett godt oppmøte, særleg der ein på førehand hadde sendt ut personlege utfordringar. T.d. ein positivt formulert SMS der ein legg fram kor kjekt det er å ha ein gravplass som er ryddig og fin – og om at det er fint å samlast til dugnad.

I Bjordal fekk ein rydda og stelt kyrkjegarden, og vaska veggen på reiskaps/toalettbygget. Der kan ein vente med å male til neste år.

I Lavik fekk ein og gjort mykje. Det kom fram eit ynskje om å få tilsendt kontraktspapira frå Baarøy som skildrar korleis dei skal gjere slåtten og stellet av kyrkjegardane.

Kyrkjebø og Vadheim: Begge plassane var det godt frammøte og ein fekk gjort mykje.

Høyanger: Her var oppmøtet litt meir tynt og ein tenkjer seg at annonseringa kan bli betre.

018 Helgestunder

Nytt nummer er på veg ut til lesarane. Samarbeidet mellom redaksjon og kyrkjeverja som ansvarleg for utforminga, fungerte godt og resultatet vart godt. Ein dyktig og «pirkete» korrekturlesar er viktig å ha med på laget.

019 Planane om krematorium i Sunnfjord

Fellesrådsleiaren orienterte om korrespondanse mellom han og kyrkjeverja i Sunnfjord om planane for krematorium – som er fremma av fellesrådet i Sunnfjord og spelt inn til arbeidet med økonomiplanen i Sunnfjord kommune. Der fremma fellesrådsleiaren at ein bør samle oss frå sokn og fellesråd i prostiet om ei felles uttale og/eller ein felles innsats overfor kommunane i området, og at det er på høg tid at desse alternativa vert utgreidde for lokalisering – også i vårt område. «Det vil vere ein styrke om me tidleg i denne fasen kunne ha samsnakkast og fremja alternativ som hadde brei stønad. Me må unngå at me får ein lokaliseringdebatt, der det viktigaste spørsmålet vert om det er Eid, Førde, Florø, Sogndal eller andre som skal “få” eit krematorium.»

020 Søknad frå Kyrkjebø sokneråd

Søknad om å få betalt attende for utlegg soknerådet vil få med å felle nokre tre på Kyrkjebø kyrkjegard. Denne sakta kjem opp på neste møte i fellesrådet, men blir teke med her til orientering. Dette handlar om tre som er til sjenanse. Ein har saman med kommunen sine folk, laga ein plan for å rydde opp og vil få gjort dette til hausten. Ein ber ikkje fellesrådet om å endre sin prioriteringar, men få betalt attende når det er Kyrkjebø kyrkjegard sin rettmessige tur til å få ei tildeling av midlar.

021 Møte med prosten 4.mai

Møtet vart gjort kjent på sist fellesrådsmøte. Innhaldet vart litt annleis enn i innkallinga til møtet. Møtet var tenkt som «ei samtale rundt det faktum at me no har hatt store utskiftingar i staben ved kyrkjekontoret. Kva endringar kan- eller bør- det få - for arbeidsrutinar, roller og ansvarsfordeling mellom sokna og kyrkjekontoret?»

Kva forventningar har dei ulike aktørane til kvarandre, og korleis fylgjer me det opp? Det vil òg vere naturleg å drøfte situasjonen kring det komande kyrkjevalet, og korleis me i fellesskap kan fremje aukande oppslutnad om dette.»

Men det var situasjonen rundt mangelen på prestestilling for Lavik – Bjordal/Ortnevik som kom i sentrum. Prosten sitt referat frå møtet vert lagt ved her.

Vedtakssaker:

009/23 Klage på festeavgift

Syner til vedlegg.

I samband med revisjon av festeprisane, fastsette kommunestyret at graver som vart festa ved sida av «fri grav» skulle bli til «fri grav» når dei vart tekne i bruk. Dette vart ikkje gjort gjeldande for festa graver som blir nytta om att. Det var semje mellom kommunedirektør og tidlegare kyrkjeverje om denne praksisen.

Dette vert praktisert ulikt i dei andre kommunane i Sunnfjord prosti. Kinn gir ikkje rett til fri grav når ein nytta ei festa grav, dei andre kommunane gir rett til fri grav i fredingstida, uansett. I Høyanger har ein med andre ord ei mellomordning. Dette er noko som utfordrar oss, folk får ikkje dette med, blir overraska og klagar når dei får rekning på fornying av feste etter at det er gravlagt nye i grava.

Fellesrådet er einige i at praksisen er vanskeleg å kommunisere

Samrøystes vedtak:

Gjeldande regelverk for gravplassane i Høyanger vart vedteke av Høyanger kyrkjelege fellesråd 11.10.2007. HKF fastheld praksisen. Fellesrådet vil for framtida sikre at ytterlegare informasjon om handtering av festeavgiftene når fram til pårørande.

Klagen vert ikkje teken til fylgje.

010/23 Søknad frå Lavik sokneråd

Syner til vedlegg.

Lavik sokneråd søker om økonomisk støtte til trusopplæringsarrangement på Alværa – utgiftene er stipulert til omtrent kr. 3000,-

Samrøystes vedtak: Fellesrådet løyver inntil kr. 3000,- av trusopplæringsmidlane, til arrangementet.

011/23 Eigenbetaling for konfirmantane

I følgje soknepresten blir aktivitetane for konfirmantane komande konfirmantår om lag den same som for sist år. Då vart eigenandelen auka til kr. 1650,- etter fleire år med uendra eigenbetaling. Sokneråda i Lavik og Bjordal og Ortnevik, ynskjer å gi støtte til konfirmantane som dekkjer deler av denne eigenbetalinga.

Samrøystes vedtak: Fellesrådet krev inn kr. 1650,- i eigendel per konfiant. Denne satsen blir fakturert konfirmantane. Fakturaen blir sendt til sokneråda. Sokneråda kan om ønskjeleg gi støtte til konfirmantane i sitt sokn.

012/23 Budsjett 2023

Syner til sak 007/23.

Kyrkjeverja har etter dette vore i kontakt med kommunen for å sikre gode rutinar for vidare oppfølging av rekneskap og budsjett, og har starta ein uformell dialog med dei ansvarlege i kommunen om den aktuelle økonomiske situasjonen.

Kyrkjeverja orienterte fellesrådet om budsjettet slik det no ligg føre. Det som er særleg nytt no, er utgiftene til KLP. Desse auke mykje p.g.a. ein reguleringspremie. Den kjem fordi det i år er ein stor lønns- og prisvekst. Men så syner det seg at det over år er betalt inn for mykje til KLP.. Det ar vore kravd og betalt for ein tilsett som er utmeldt. Dette gjer at KLP ikkje vil krevje kontingent frå HKF før dette overskytande er brukta. Kor stort beløpet er, har vi ikkje oversikt over enno, men økonomisjefen i Høyanger kommune seier at vi i alle høve kan rekne med at ekstrakostnaden til reguleringspremien blir dekt.

I møtet vart det understreka at det uteståande i KLP må brukast til å dekke underskotet i rekneskapen frå 2022.

Soknerådet i Lavik sokn har sendt ei uttale med moment som vart teke med i drøftinga. Ei vedtak om å betale kr.15 000,- i året som soknerådet gjorde i 2021 er teke med i budsjettet.

Soknerådet i Kyrkjebø og Vadheim sokn har kome med ei uttale i høve gjeldande plan for investeringar. Denne blei ikkje bli teken opp i dette møtet.

Budsjettet er lagt ved under.

Samrøystes vedtak: Revidert budsjett blir vedteke slik det ligg føre.

- 013/23 Søknad til Høyanger kommune om auka støtte p.g.a. vesentleg auka kostnader.**
Grunnlaget for dette brevet er uviss då vi har ukjente ekstra midlar ståande i KLP. Fram til ein får oversikt over storleiken på denne summen er det lite hensiktmessig å formulere ein søknad om auka støtte frå kommunen.

Høyanger 23.06.2023

Protokoll ført av:

Stig Jonny Fitje

Kyrkjeverje for Høyanger kyrklelege fellesråd



DEN NORSKE KYRKJA

Vedlegg til protokollen:

Møte med soknerådsleiarane og fellesrådsleiar i Høyanger Torsdag 4. mai 2023

Til stades: Toril Lange – Lavik SR, Sissel Sørebø – Bjordal og Ortnevik sokneråd, Kari og Sturla Bell Fossen – Kyrkjebø sokneråd og Vidar og Lars Petter – Høyanger sokneråd. I tillegg var kyrkjeverje Stig Johnny Fitje med.

Formål med møtet var å drøfte korleis vi kan løyse bemanningsutfordringa i Lavik og på sørssida.

- 1) på kort sikt, med engasjement og liknande.
- 2) på lengre sikt med sikte på ei fast tilsetting i x%

Vi gjekk gjennom situasjonen slik den er pr. i dag i området omkring Sognefjorden.
Solund fast prest.

Hyllestad fast prest i 60% og med 40% ledig ressurs for prostiet

Høyanger fast prest

Lavik og sørssida, vakant stilling i x%

Gulen vakant stilling

Masfjorden fast prest

Prestestillingane i Gulen og Masfjorden er delvis finansiert via kommunale løyvingar.

Presten i Solund bur i prestegard, elles ikkje.

På kort sikt var det stor semje i møtet og eit klart uttrykt ønske om å engasjere Geir Sørebø.

På lengre sikt vart det diskutert ulike alternativ:

- a) vil dere vere mogeleg å tilsette diakon i ein prestestilling
- b) vil det vere mogeleg med eit diakoni-prosjekt og eit spleislag med fellesråd.
- c) lyse ut prestestilling og avklare korleis økonomien er.

Det vart peike på at for framtida kunne ein sjå soknepresten i Hyllestad og Lavik som ein stilling, men det vert for mykje også å dekke sørssida p.g.a. store avstandar.

Presteboligen i Lavik vart også trekt fram som eit pluss ved ei utlysning.

Men noko oppussing må då pårekna.

Det vart også uttrykt bekymring for hagevedlikehaldet som er pr. i dag.

Kyrkjelyden i Lavik er forholdsvis aktiv og det er prestebolig/stad for trusopplæring i bygda. Leirstaden Alværa ligg like ved og har variert aktivitet med ulike leiarar og stemne. (NMS)

Dei særskilte diakonale utfordringane i Høyanger kommune er:

Desentralisert sjukeheimsstruktur med sjukeheim og eldreboligar i fleire bygder.

Rusklinikk på Tronvik, Kyrkjebø.

Mange av småbygdene treng fleire felles møteplassar og inkluderande fellesskap.

Den beste løysinga for området er å få rekruttert ein som vil bu og leve i ei av bygdene i området her.

Referent:

Knut Magne Nesse

Prost i Sunnfjord

Budsjettoversikt i høve kontoplan for 2023:

Konto	2022budsjett	Opprinnelig budsjett 2023	endring i høve opprinnelig budsjett 2023		2023 revisert	Rekneskapen så langt i 23	Rekneskapen for hele 22	Merkad
30100 Fast løn	2 445 887	2 398 205	53 642	2 451 847	1 164 406	2 357 373		
30102 Avt.tillegg kv.	24 772	24 772	0	24 772	10 339	9 607		
30103 Tillegg Lø/sø	24 500	24 500	0	24 500	14 121	13 114		
30104 Tillegg Høgtid	30 000	30 000	10 000	40 000	41 095	17 979		
30200 Løn Vikar	40 000	40 000	-30 000	10 000	5 355	8 632		
30500 Anna løn	0	0	15 000	15 000	7 308	5 466		
30504 Telefongodtgjerdelse		0	5 000	5 000	1 098	4 392		
30800 Godtgj. Fvalde	83 000	83 000	12 000	95 000	57 190	95 197		
30801 Tapt arb.fortj.	5 000	5 000		5 000	0			
30903 Pensjon KLP	387 269	559 783	-172 514	387 269	191 686	421 324		
30905 Liv/Ulykke	12 700	12 700	-5 000	7 700	2 443	6 109	NBI Per tilsett?	
30990 Arb. Avgift	312 764	320 930	3 000	323 930	158 475	309 926		
31000 Kontor. Matr	10 000	10 000	0	10 000	5 722	1 760		
31002 Litteratur mv.	10 500	10 500	0	10 500	1 078	17 204		
31100 Utstyr/teneste	20 500	20 500	0	20 500	11 293	76 372		
31200 Anna forbmatr.	3 000	3 000	0	3 000	3 714	2 785		
31201 Matvarer	4 000	4 000	6 000	10 000	6 932	10 887		
31202 Reinhald	500	500	0	500	0	0		
31203 Arbeidskle					618	0		
31204 Tilstelninger	73 750	73 750	-20 000	53 750	29 479	48 621		
31205 Velferdstiltak	15 000	15 000	4 000	19 000	11 183	19 313		
31206 Utst. Verktøy	0	0	8 500	8 500	6 596	8 306		
31209 Kjøp av graving					0	3 300		
31300 P.B.T.D. linjer	16 600	16 600	0	16 600	15 659	10 432		
31301 Telefon/Data	59 500	59 500	-8 000	51 500	6 909	72 030	Lavik kyrkjekontor kr.10 661 i 2022, Finne billegare løysing?	
31302 Porto	21 500	21 500	-15 000	6 500	2 655	23 920		
31303 Bank og gebyr	1 500	1 500	5 000	6 500	2 138	6 570		
Motpost fordel Elkomm	0	0	-3 000	-3 000	-1 098	-4 392		
31400 Annonse/info	152 100	96 100	-10 000	86 100	37 357	248 999	I fjor utgjorde Helgestuder kr. 84249,-	
31500 Opplæring +31550 Reise Opplær.	21 000	21 000	13 000	34 000	17 203	39 144	Vanskeleg å spare på kurs i år	
31600 Skryss/Diett	60 000	60 000	-15 000	45 000	40 164	29 312	NBI	
31800 Energi	230 000	230 000	-25 000	205 000	212 599	190 741	Her vil vi få fråtrekk p.g.a. konsesjonskraft	
31855 Forsikringar	163 734	163 734	20 000	183 734	182 219	158 832	Her har det kome utgift på 21000 i år, må undersøkast nærmere	
31900 Leigeutgifter	241 000	241 000	-5 000	236 000	90 134	245 882	10000 til trusopplæring og 15000 frå Lavik sokneråd og nytt arbeid - tilsett trusopplærar	
31950 Avgift/Gebryr	0	0	0	0	0	6 290		
31951 Kontingent KA	30 000	30 000	1 000	31 000	31 317	29 972		
31952 Licensar	120 000	120 000	0	120 000	88 979	117 969		
31954 Kopiavtale	7 500	7 500	100	7 600	0	7 597		
31955 Eiged. avgift	76 800	76 800	9 600	86 400	47 324	83 066		
32000 Inv. Utstyr	5 000	5 000	2 500	7 500	0	7 836		
32001 Kont.mask/EDB	0	0	15 000	15 000	6 392	999	Kjøp av nye PC-ar	
32300 Vedl. Bygg&A Kyrkjer	50 000	50 000	-20 000	30 000	3 076	80 663	NB!	
32300 Vedl. Bygg&A Gravplassar	128 984	100 000	-80 000	20 000	1 440	143 130	NB Vadheim Gravplass	
32301 Vedl. Instrum	17 500	17 500	-2 500	15 000	10 000	10 674		
32302 Kyrkjegardssl.	367 000	378 100	0	378 100	189 000	367 000	Anbodet frå Baarøy stig årleg	
32303 Gravstell	60 000	60 000	5 000	65 000	66 100	64 800	Graver ein har ansvaret for - historiske grunnar	
32400 Serviceavt.	42 000	42 000	-17 000	25 000	15 892	23 806		
32700 Kjøp av tenester, konsulenttenester	0	0	10 000	10 000	7 190	82 917	NBI!	
Refusjonar til sokneråd og andre	0	0	0	0	5 409	31 433	NBI!	
33900 Kalk. Utgift	280 000	280 000	0	280 000	0	280 000		
34290 Mva. betalt	231 640	231 640	0	231 640	182 251	359 118	Feil budsjettal, men det går i null mot post 37290	
34500 Tilskot/Gåver	70 450	80 778	0	80 778	5 160	108 184		
35500 Avsetnad til bundne fond	10 461	0	0	0	0	180 183		
35910 Avskrivningar	144 729	144 729	0	144 729	0	264 678	NB! Her er det stor negativ differanse, men den går i null, jamnf.post 39900	
36000 Brukarbetaling for kyrjelege tenester						-10 000		
36002 Gravstellavg.	-60 000	-60 000	0	-60 000	-44 640	-61 292		
36100 Bet. Deltakarar	-45 000	-45 000	0	-45 000	-8 516	-31 700	Optimistisk?	
36201 Sal V. og Tj.	0	-10 000	-20 000	-30 000	-6 920	-17 434	Kontingent for koret er tenkt for noko av auken her	
36301 Utleige/Feste	-491 000	-557 550	0	-557 550	-143 700	-383 400	Her må eg berre stole på Bjørnar....	
37100 Ref. Sjukelön	0	0	0	0	0	-8 230		
37290 Mva. Ref.	-231 640	-231 640	0	-231 640	-182 251	-359 113	Feil i budsjettal, men det går i null. Konto 34290	
37402 Ref. frå fellesr.	-96 217	0	0	0	-249	-4 666		
37501 Ref. frå Sokner.	0	0	0	0	-2 999	-10 660		
37701 Refusjon frå andre	0	0	0	0	-13 916	-25 799		
37900 Kalk. Inntekt	-280 000	-280 000	0	-280 000	0	-280 000		
38000 Tilskot frå staten Trusopplæring (0-18år)	-364 000	-364 000	136 052	-227 948	-227 948	-370 074		
38000 Tilskot frå staten i år til valmatriell	0	0	-79 186	-79 186	-79 186	0		
38300 Tilsk. Kom.	-4 345 000	-4 425 000	0	-4 425 000	-1 843 750	-4 345 000	Søke om meir?	
Offer / gavé til andre	0	0	0	0	-11 943	-38 079		
Offer til eige arb.	0	0	-20 000	-20 000	-4 678	-23 054		
38700 Tilskot/Gåver	-51 065	-53 202	0	-53 202	-27 177	-39 955	Kyrkjelydsbladet	
39009 Renteinnt.	0	0	0	0	0	1 467		
39400 Bruk ubundne fond	0	0	0	0	0	-91 795		
Bruk av bundne fond	0	0	0	0		-5 300		
Reknesaksmessig meirforbruk	0	0	0	0		-340 690		
39900 Motp. Avskr.	-144 729	-144 729	0	-144 729	0	-264 678		
Innsparing i 2023-budsjettet:		0	-212 806	-212 806	397 727	0		